

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 121/2025

av 13. juni 2025

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3166 av 18. desember 2024 om fornyet godkjenning av et preparat av *Bacillus velezensis* ATCC PTA-6737 som tilsetningsstoff i fôr til slaktekalkuner, kalkuner som føres opp for avl, avvente smågriser, avvente dyr av svinefamilien unntatt *Sus scrofa domesticus* samt purker, om godkjenning av preparatet til slaktesvin av alle svinearter, spedgriser av alle svinearter og purker av mindre utbredte svinearter (innehaver av godkjenningen: Kemin Europa N.V.), om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2023/366 og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 306/2013, (EU) nr. 787/2013 og (EU) 2017/2276<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3162 av 18. desember 2024 om godkjenning av jarntyrosinkelat som tilsetningsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt, alle fjørfeartar som vert føra opp for eggproduksjon, og kalkunar og mindre utbreidde fjørfeartar som vert føra opp for avl (innehavar av godkjenninga: Akeso Biomedical, Inc. USA, som er representert i Unionen ved Pen & Tec Consulting SLU)<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3167 av 18. desember 2024 om godkjenning av cyanokobalamin (vitamin B<sub>12</sub>) framstilt med *Ensifer adhaerens* CGMCC 19596 som tilsetningsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3168 av 18. desember 2024 om godkjenning av eit preparat av sink-L-selenmetionin som tilsetningsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

---

(1) TEU L, 2024/3166, 19.12.2024, ELI: [http://data.europa.eu/eli/reg\\_impl/2024/3166/oj](http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/3166/oj).

(2) TEU L, 2024/3162, 19.12.2024, ELI: [http://data.europa.eu/eli/reg\\_impl/2024/3162/oj](http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/3162/oj).

(3) TEU L, 2024/3167, 19.12.2024, ELI: [http://data.europa.eu/eli/reg\\_impl/2024/3167/oj](http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/3167/oj).

(4) TEU L, 2024/3168, 19.12.2024, ELI: [http://data.europa.eu/eli/reg\\_impl/2024/3168/oj](http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/3168/oj).

- 5) Gjennomføringsforordning (EU) 2024/3166 opphevar Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 306/2013<sup>(5)</sup>, (EU) nr. 787/2013<sup>(6)</sup> og (EU) 2017/2276<sup>(7)</sup>, som er tekne inn i EØS-avtala og følgeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 6) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 7) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 485 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/366) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:  
– **32024 R 3166:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3166 av 18. desember 2024 (EUT L, 2024/3166, 19.12.2024).”
2. Etter nr. 618 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2414) skal nye nummer lyde:  
”619. **32024 R 3166:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3166 av 18. desember 2024 om fornyet godkjenning av et preparat av *Bacillus velezensis* ATCC PTA-6737 som tilsetningsstoff i fôr til slaktekalkuner, kalkuner som føres opp for avl, avvente smågriser, avvente dyr av svinefamilien unntatt *Sus scrofa domesticus* samt purker, om godkjenning av preparatet til slaktesvin av alle svinearter, spedgriser av alle svinearter og purker av mindre utbredte svinearter (innehaver av godkjenningen: Kemin Europa N.V.), om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2023/366 og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 306/2013, (EU) nr. 787/2013 og (EU) 2017/2276 (EUT L, 2024/3166, 19.12.2024).  
620. **32024 R 3162:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3162 av 18. desember 2024 om godkjenning av jarntyrosinkelat som tilsetningsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt, alle fjørfeartar som vert føra opp for eggproduksjon, og kalkunar og mindre utbreidde fjørfeartar som vert føra opp for avl (innehavar av godkjenninga: Akeso Biomedical, Inc. USA, som er representert i Unionen ved Pen & Tec Consulting SLU) (EUT L, 2024/3162, 19.12.2024).

---

<sup>(5)</sup> TEU L 91 av 3.4.2013, s. 5.

<sup>(6)</sup> TEU L 220 av 17.8.2013, s. 15.

<sup>(7)</sup> TEU L 326 av 9.12.2017, s. 50.

621. **32024 R 3167**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3167 av 18. desember 2024 om godkjenning av cyanokobalamin (vitamin B<sub>12</sub>) framstilt med *Ensifer adhaerens* CGMCC 19596 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyrearter (EUT L, 2024/3167, 19.12.2024).
622. **32024 R 3168**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/3168 av 18. desember 2024 om godkjenning av eit preparat av sink-L-selenmetionin som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyrearter (EUT L, 2024/3168, 19.12.2024).”
3. Teksta i nr. 80 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 306/2013), 99 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 787/2013) og 234 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/2276) opphevast.

#### *Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/3166, (EU) 2024/3162, (EU) 2024/3167 og (EU) 2024/3168 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. juni 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*)).

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 13. juni 2025.

For EØS-komiteen

**Nicolas von Lingen**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.